

INNSPEL PLANPROGRAM

Ny Sentrumsplan Vossevangen:

I-1: Hordaland Fylkeskommune – 02.05.2018

KU. Stiller spørsmål ved vurdering av behov for konsekvensutgreiing. Ynskjer at kommunen utfører KU for kulturminner basert på DIVE-analyse. Viser til at ein ynskjer KU på øvste plannivå for å kunne ta kunnskapsbaserte val om ønska utvikling, samt auke gjennomføringskrafta og redusere utgreiingskostnader i neste ledd.

Medverknad. Fylkeskommunen rår til brei medverknad for å lykkast med ein god plan med gjennomføringskraft. Viser til medverknad mot næringsliv, lag, organisasjonar og politikarar mm. Rår kommunen til sterkare medverking og forankring i sivilsamfunnet.

Bustad. HFK syner til lite fokus på bustader i planprogram der omfang av framtidig busetnad er vagt.

Omsynsoner. Viser til at det er viktig å vidareføre omsynsoner for kulturminner. Skalaen i eksisterande bygningsmiljø, høgder og volum bør vidareførast. Samspel mellom siktlinjer og bygningsmasse på Vangen er difor viktig i vidare arbeid.

Viser til oppfylgning av områdeplanen i form av eit strategisk dokument som gunstig, med rekkjefyljekrav og vidare oppfylgning av plan.

Ser det som viktig at områdeplanen er grundig detaljert med kvalitetskrav i områder der ein ikkje ser for seg vidare krav om detaljplan (byrom).

Administrasjonen si vurdering:

Det har vore god kontakt med HFK med fleire møter knytt til arbeid med ny sentrumsplan.

KU. Grunna ein grundig DIVE-analyse og brei medverknad i prosessen har ikkje administrasjonen sett KU for kulturminne som naudsynt. Etter møte med HFK er det vorte einigheit om å fylje opp DIVE-analyse med KU for kulturminner for å sikre verdiar i vidare utvikling. Jf. Nytt punkt i planprogram s.28.

Medverknad. I løpet av fyrste år med sentrumsplanen har det vore gjennomført mange møter/samtaler med ulike grupper samt presentasjonar av arbeidet rundt sentrumsplanen. Kommunen har lagt stor vekt på brei medverknad i samband med ny sentrumsplan, dette er vektlagt i planprogram.

Vi deler synet på at medverknad er viktig for ein god plan med gjennomføringskraft, medverknad kan gjennomførast på ulike måtar. Til dømes kan prosjektet «Vangen Vrimmel» (Liv på Vangen) vera eit døme på medverking retta mot mindre barn samt andre grupper. Ved å sjå på bruken av skøytebana har dette gjeve oss kunnskap knytt til byrom, bruk og funksjonar i sentrum. Ny bruk og nytt program i sentrale byrom gjev oss innspel og syner folk eit potensiale i sentrum. Brukarundersøkinga «Rurale byrom» frå Voss viser at det er vanskeleg å førestille seg ny bruk på kjende plasser. Ved å fysisk vise ny bruk kan det vera lettare å ta stilling til kva ein ynskjer i sentrum.

I prosessen vidare er brei medverknad lagt vekt på, fyrst med muligheitsstudie som startar opp august. Det er og lyst ut ein konkurranse for born på Voss, knytt til verdi og behov i sentrum. Det vert og planlagt ein «Bygde Lab» som skal vera eit sentralt lokale i sentrum der folk kan koma og

diskutere sentrumsutvikling. Her skal arkitekt konkurransar, muligheitsstudie, konkurranse for barn samt ei master oppgåve i arkitektur stillast ut hausten 2018.

Kommunen har og stort fokus på brei medverknad. Kommunen ynskjer å vera i dialog med HFK rundt gjennomføring av medverknad og er glade for innspel.

Bustad. Kommunen ser bustadar i sentrum som ein av hovudføremåla i planen. I kommuneplanen legg ein opp til fortetting og vekst i sentrum jamføre nasjonale retningsliner for berekraftig utvikling. Områdeplanen for sentrum skal såleis finne grensa for kor mykje ein kan bygge i sentrum utan at det går utover identitet, kulturminner, bukvalitet og andre viktige verdiar. Det er difor vanskeleg å definere dette i forkant av planarbeidet. Det er dette planarbeidet skal prøve å finne svar på. Balansen mellom vern og utvikling står veldig sentralt i arbeidet med planen og har stort fokus. I starten av 2018 har det td. vore samarbeid med Voss Eigedom rundt konkurranseprogram for bustader i sentrum der variasjon i typologi og storleik er lagt vekt på. Ein ynskjer her å finne modellar på «rurban» bustaden tilpassa Voss. Områdeplanen skal finne potensialet, og når områdeplanen er klar er det ynskje om å utforme eit strategisk dokument som seier noko om utbyggingspotensialet i planen og rekkjefylje i utbygginga. Samt strategiske grep for å sette i gang ønska utvikling. Jf. Nytt kapittel om bustad i planprogram s.27.

Retningslinene i «Regional plan for attraktive senter i Hordaland» vil leggest til grunn i utarbeiding av bustad og andre sentrumsføremål.

Omsynssoner. Det er gjort eit stort arbeid med DIVE-analyse for Vossevangen som syner til mykje verdi i området. Denne analysa dannar grunnlaget for å ta kunnskapsbaserte val når ein skal vekte bevaring mot fortetting. Mange av områda i sentrum har verdiar som gjer det utfordrande med fortetting. For at dei viktigaste områda skal takast vare på må ein diskutere og utfordre andre delar i planområde. Denne diskusjonen er mest utfordrande i Lekvemoen. Her ynskjer ein sjå på moglegheit for transformasjon saman med vern. Dette er eit tema som vil bli diskutert tett med HFK, og det er gjort avtale om synfaring.

Kommunen ynskjer tett kontakt med HFK hausten 2018 når planen skal ta form. Vi ser innspel til planprogram som nyttige og vil fylje dei opp vidare i prosessen.

I-2: Opplysningsvesenets Fond – 10.04.2018

Ingen merknad.

I-3: Stiftinga Bergsliminnet – 23.04.2018

Det er viktig å vyrdsla om Bergslitræet og barndomsheimen til kunstnarbrødrene Knud og Brynjulf Bergslien. Dei reknar med at områdeplanen sikrar Bergslitræet og granneplassane mot skiplande inngrep i framtida. Historia om husmannsønene blir vist til som både bygdesoge og rikssoge, som identitetsbyggjara både lokalt og nasjonalt.

Ynskjer at parkeringsplassar langs vestsida av Bergsliiplassen vert fjerna då det skiplar innsyn mot Vangskyrkja og Bergsliiparken. Det blir vist til manglande skilt på Bergsliiplass med ynskje om at dette kjem på plass.

Stiller seg posetive til planen og håpar identitet, særpreg, estetikk og byggjehøgder vert viktig slik det er sagt i planprogram.

Administrasjonen si vurdering:

Kommunen ser arven etter kunstnarbrørne som ein viktig del av identitet og historie på Voss. Det blir viktig at planen sikrar barndomsheimen og arven i planen. Fylkeskommunen har fokus på kunstnarheimar og dette vil bli fylgt opp i utforming av områdeplanen.

Parkering vert ein del av vurdering i ny sentrumsplan og innspelet rundt parkering langs Bergsli plass vert tatt med og diskutert vidare.

Når det gjeld omsyn til identitet, særpreg, estetikk og byggjehøgder vil dette bli gjort på grunnlag av DIVE-analyse. Denne gjev oss mykje kunnskap om identitet, kvalitet og tålegrenser i området. Analyse viser til mykje verdi innom planområdet, og for å verne/bevare dei viktigaste delane må ein utforde mindre viktige områder for å tilfredstilla krav om fortetting og berekraftig utvikling. Lekvemoen er døme på eit område der ein må vurdere fortetting / transformasjon. Det skal bli utarbeida framtidsbilete for sentrum i mulighetsstudie for Vangen samt konkurransen ved Langabrua, her vil det vera mulighet for medverknad rundt utforming av sentrum.

Kommunen ynskjer ei synfaring for å sjå på kva og kvar granneplassane til Bergslitræet ligg.

I-4: Fylkesmannen i Hordaland – 23.04.2018

Ynskjer at det vert teke omsyn til Vossavassdraget som nasjonalt laksevassdrag, jf. Lov om laksefisk og innlandsfisk mv., §§ 1 og 7.

Fylkesmannen vurderer vektlegging av byrom og møteplasser for meir liv i sentrum som positivt.

Syner til at planen har fått ei naturleg avgrensing.

Administrasjonen si vurdering:

Kommunen har teke fleire initiativ for å få til eit møte med Fylkesmannen for å diskutere dette og andre innspel. Det er viktig med tett kontakt då områdeplanen skal ut på 1.gongsbehandling på nyåret. Innspel rundt omsyn Vosso som nasjonalt laksevassdrag vert fylgt opp. Jf. Nytt punkt i planprogram s.21 og s.28.

Kommunen ser det som positivt at Fylkesmannen trekker fram byrom som eit viktig middel i utvikling av Vossevangen.

I-5: Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum – 25.04.2018

Viser til at det tidlegare er gjort funn av ein båt og synketømmer innanfor det planlagte området. Storparten av planområdet som ligg i vatn har ikkje vore undersøkt. Potensialet for verna eller automatisk freda kulturminne på botn av Vangsvatnet blir vurdert å vera tilstades. Det vil såleis bli stilt krav om marinarkeologiske registreringar, etter Lov av 9.juni 1978 nr.50 om kulturminne, §§ 9 og 14. Etter Kultuminnelovens §§ 9 og 10 har tiltakshavar undersøkingsplikt, samt plikt til å dekke utgiftene til undersøkinga.

Administrasjonen si vurdering:

Innspelet knytt til registrering av marine kulturminner vert fylgt opp. Kommunen har tatt kontakt med Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum og bedt om møte for å diskutere kostnad og mogleg gjennomføring av registrering. Jf. Nytt punkt i planprogram s.28.

Om kostnad og omfang syner å vera for krevjande, utifrå tidsrom for gjennomføring, kan området for Vangsvatnet verta tatt ut frå planområdet.

I-6: Voss og omland LOP (Landsforbundet for offentlege pensjonistar) – 24.04.2018

Ynskjer at sentrum skal vera ein triveleg stad å bu i for alle aldersgrupper. Legg vekt på stimulerande omgjevnader å kunne vera aktiv i. Målsetjingar for planen må vera leikeplassar barn, møteplassar med benkar, omsyn støynivå på natt, variasjon i bygningsmiljø, levande fasadar med opne butikkvindauga. Viser til at skilnad i parkeringsavgifter mellom Amfi og Vangen må bort. Prestegardsmoen må sikrast som rekreasjons og helsområde.

Administrasjonen si vurdering:

Innspelet er i tråd med planprogram der ein vektlegg Vossevangen som ein god stad å bu, med gode møteplassar for ulike demografiske grupper, og for eit levande og aktivt sentrum. Det skal utarbeidast støysonekart for planområdet der funksjonar i planen skal sjåast i samheng med støy. Parkeringsstrategi vil vera ein viktig del av ny sentrumsplan, relasjon til Amfi vil vera ein del av heilskapen.

I-7: Kjell Arne Bergstrøm – 25.04.2018

Viser til tidlegare innsendte innspel knytt til skjemmande fortetting ved eigedomen sin i Gullfjordungsvegen 24. Innspelet gjeld og støy i forbindelse med jernbanen og manglande støymur mot privat eigedom. Ynskjer at Voss stasjon frå Svartenakken til Stallen i aust skal leggas inn i fjell for å kunne nytta det fine stasjonsområde til utbygging i sentrum. Med bakgrunn i flaumproblematikken er innspel å byggja Vangen i høgde med jernbanetraseen, dette vil vera betre enn å fylle ut i Vangsvatnet.

Administrasjonen si vurdering:

Støy er eit viktig tema som det skal arbeidast med i områdeplanen. Fortetting og høgare hastighet for tog medfører auka støy for bustadane i nærleiken. Denne problemstillinga må ein vurdere i arbeid med ny Sentrumsplan. Det skal utarbeidast nytt støykart for planområdet hausten 2018.

Eigedomen Gullfjordsungsvegen 24 ligg utanfor planområdet. Innspelet som går på detaljerte tiltak på utføring av konkret støymur kan ikkje fyljast opp i ein overordna områderegeringsplan. Dette innspelet må difor takast i annan samheng.

Innspelet som går på heving av Vossevangen til nivå med jernbanetrase blir sett som svært krevjande og det vert stilt spørsmål til kva ein gjer med eksisterande bygningsmasse og kulturarv på Vangen. Dette er ikkje noko som ein ser som aktuelt i ny sentrumsplan.

Når det gjeld flytting av jernbanetrase samt å leggja Voss stasjon i fjell, er dette eit stort og langsiktig grep som må utarbeidast av Bane Nor. Kommunen ser ikkje dette som aktuelt i denne områdeplanen for sentrum, men det kan eventuelt diskuteras i eit lengre framtidsperspektiv. Eit knutepunkt er

sentralt i utvikling av gode framtidsetta tettstader, der kort avstand mellom transport, jobb og bustad er sentralt, jamføre 10-minuttars byen. Om dette praktisk lar seg gjennomføre kan det gje nye moglegheiter for utbygging i sentrum.

I-8: Direktorat for mineralforvaltning - 25.04.2018

Ingen merknader til varsel om oppstart.

I-9: Og Arkitekter – 26.04.2018

Viser til at det vert jobba med detaljreguleringsplan for Vatletun. Området ligg innom avgrensing for ny sentrumsplan. Dei ynskjer at planane vert sett i samanheng, koordinert eller at området for Vatletun vert tatt ut av sentrumsplanen om reguleringsplanen for Vatletun vert vedteke før sentrumsplanen.

Det er ynskje om at Vatletun får endra formål frå offentleg tenesteyting til bustadføre mål.

Administrasjonen si vurdering:

Dette området ligg i randsona for sentrum/områdeplanen mot ein bustadområde sør-aust for Vossevangen. Det er ynskjeleg at dei to planane vert sett i samanheng. Områdeplanen vil leggja overordna føringar som ser til god heilskap mellom dei private bustadområda og sentrum i eit overordna perspektiv.

Proessen vidare vil ta stilling til kor vidt område for Vatletun skal takast ut av sentrumsplanen. Dette avhenger av framdrift og innhald i detaljreguleringsplanen for Vatletun.

I-10: Orkla Foods Norge – 30.04.2018

Ynskjer tilbakemelding på kva praktisk betydning planen får for Vossafår si verksemd i Meierivegen 6-8. Konkret ynskjer dei tilbakemelding på om den ny reguleringsplan vil endre krav om løyve frå Jernbaneverket for aktivitet nærare enn 30 meter.

Administrasjonen si vurdering:

Etter kvart som områdeplanen vert utarbeida hausten 2018 vil ein kunne svare nærare på kva praktiske fyljer planen medfører for Meierivegen og Vossafår. DIVE-analyse viser til lav verdi i dette området og peikar på moglegheit for utvikling og transformasjon. Området er svært sentralt og eignar seg for framtidig bustadbygging. Ein ser at arbeidsplassar og historia knytt til industri har stor verdi i dette området. Kommunen ynskjer dialog med Orkla Foods i prosessen rundt utforming av plan.

Eksisterande løyve frå Jernbaneverket vil ikkje verta endra av ny områdeplan. Nye tiltak vil kunne få andre krav.

I-11: Advokat Sjur Vinje (Eigarar i Voss sentrum) – 27.04.2018

For at Vangen skal vera eit livleg sentrum ynskjer ein tilstrekkeleg med parkeringsplassar i sentrum. Både for næringsdrivande og tenesteytande næringar. Ein ynskjer at parkeringsplassane skal vera lokalisert der dei er i dag.

Viser til at det har vore fråflytting på Vangen dei siste åra, men at det har kome nokon nye bedrifter i det siste. Sentrum bevegar seg på ein knivsegg og det skal svært lite til for at nedgangen fortset.

Viser til innskrenking av parkeringsplassar fram til no og at dette kan få alvorlige konsekvensar viss parkering blir innskrenka endå meir.

Administrasjonen si vurdering:

Tilstrekkeleg parkering på rett plass i sentrum er viktig, særskilt der ein har tenesteyting innan helse slik det blir vist til i innspel.

Per i dag er Vangen dominert av bilar. Mjuke trafikantar er lite prioritert. Sentrale byrom som Hestavangen, Holbergsplassen og Tinghusplassen fungerer i dag som overflateparkering og genererer lite trivsel eller attraktivitet.

Statestikk på parkeringsutviklinga i Voss sentrum syner ei auke i tal parkeringsplassar på 403 plassar sidan 2011, av desse er 288 plassar etablert i parkeringshuset i 2015. Kommunen stiller seg undrande til innspel som peikar på nedgang i tal parkeringsplassar i sentrum.

I planprogram er det lagt stor vekt på å skapa eit livleg sentrum. Det er viktig å diskutere kva som generera mest liv i sentrum, er det parkeringsplassar eller annan aktivitet? Parkeringsutviklinga syner ei stert vekst av p-plassar i perioden 2011 – 2018.

Sentrum si rolle og korleis folk brukar sentrum har endra seg gjennom dei seinaste 10-åra. Sentrum er ikkje lenger eit reint funksjonelt sentrum der ein handlar og utfører ærend. I dag er sentrum meir basert på oppleving enn tidlegare, der folk møtes, oppheld seg utan faste mål som handel. For å stimulera endra bruk av sentrum er attraktivitet og trivnad viktig.

I dag er det ikkje nok å kun legga tilrette for parkering. Kommunen si vurdering er at etablering av parkeringsplasser ikkje er nok i seg sjølv, men at folk trekker til sentrum av andre årsakar enn før. Sentrum er blitt ein plass og møtast, vera aktiv, eta og oppleva. Veksten i parkeringsplassar i sentrum har ikkje generert meir liv.

Ein må vurdere kvar i sentrum ein skal legge inn andre program som møteplassar og aktivitetar, for barn, unge og andre, som gjev oppleving av attraktivitet og trivnad, slik at folk ynskjer opphalde seg i sentrum. Parkeringsplassar i sentrum er naudsynt og viktig. Folk er avhengige av bil i regionen der kollektivtransport er lite utbygd og folk bur spreidd, og ein må vurdere kor bilane kan og bør parkerast. Sentrum er ein vev der ein må tenka synergi, og dei mest sentrale og flottaste plassane er for verdifulle å bruka til overflateparkering.

Handel er ikkje lenger det einaste målet når ein kjem til sentrum. For mange er handel ein konsekvens av at ein oppheld seg i sentrum. Trivnad som medfører at folk vil opphalda seg og møtast i sentrum vil bygge opp under næringane der. Netthandel utfordrar butikkane lokalt, ein må difor stimulere annan bruk av sentrum som i tillegg generera den spontane handelen, planlagt handel kan gjerast frå heimen. Ein må tilrettelegge for både parkering og attraktive byrom. Men lokalisering av parkering handlar om avstand til gjeremål, krev plassering av møteplassar og vel fungerande byrom

mykje meir med tanke på lokalitet. Møteplassane må leggast der folk er og passerer, i kryssingspunkt av ulike sentrale funksjonar, attraktivitet i omgjevnader (natur, utsyn) og visuell lesbarheit.

Parkering blir eit sentralt tema i arbeid med områdeplanen hausten 2018. Tilrettelegging for eit velfungerande næringsliv er svært viktig og det vil bli lagt opp til medverknad av ulike grupper til utforming av planen.

Det blir i innspel vist til andre nærliggande tettstader «der reguleringa har gått for langt» og «sentrum blitt liggande dødt». Her kan det vera fint med konkrete eksempel som ein kan gå nærare inn i. Det kan ligga samansette forklaringar bak negativ sentrumsutvikling.

Innspel er sendt frå advokat Sjur Vinje på vegne av «eigarar i Voss sentrum», det er såleis noko uklart kven som kjem med innspelet.

I-12: Voss Kulturråd – 30.04.2018

Innspel går på plassering av kunstverket «Ridande Vossabrudlaup» av Nils Bergslien. Meiner valt plassering ikkje varetek verket og viktige siktliner i kringliggande plassar. Verket vert offer for visuell støy og dei ser dette som eit overgrep mot monumentet. Viser til det pågåande arbeid med sentrumsplanen og ynskjer at plassering av monumentet vert vurdert i relasjon til den heilskaplege områdeplanen. Syner til DIVE-analyse (kulturhistorisk stadsanalyse) for Vossevangen og at plassering er utan omsyn til sentrumsmiljø og utforming av byrom.

Det blir bede om at sentrumsplanen tek opp og vurderer plassering av monumentet i forbindelse med den heilskaplege gjennomgangen av sentrumsføremål, identitet og byrom.

Administrasjonen si vurdering:

Monumentet er vedtatt plassert sør-aust for Vangskyrkja. Det er såleis ikkje opp til administrasjonen å beslutte om plassering av monument skal vera ein del av arbeidet med den heilskaplege plan for sentrum. Om det er politisk vilje for dette er administrasjonen positiv til å sjå på plassering av monumentet på nytt i arbeidet med ny sentrumsplan. DIVE analysa og Asplan Viak viser til valt plassering som ueigna. Jf. Nytt punkt i planprogram s.28.

I eit byutviklingsperspektiv ser administrasjonen val av plassering som mindre eigna då monumentet har ei bakside som gjev uheldige konsekvensar for kringliggande gater og plassar. Og det er krevjande at det ligg tett opptil kyrkja som automatisk freda kulturminne.

I-13: Matias Ringheim – 01.05.2018

Ynskjer betra miljøtilhøve med redusert støy, støv og luftureining. Ynskjer at kommunen klarar gjennomføre mål om eit grønt skifte med berekraftig utvikling gjennom grøntområder, møtestader, trygge gang- og sykkelvegar, rikt kulturliv og kulturminner for ibuarar og tilreisande.

Administrasjonen si vurdering:

Dette er i tråd med planprogram og vidare arbeid må finne ei god balansen mellom behov for bil/parkering, godt miljø og gode opphaldsrom for fastbuande og besøkande. Nytt støykart for sentrum vil bli laga.

I-14: Vangen Cafe – 01.05.2018

Ynskjer uteplass mot/på Hestavangen. Viser til prosjekt teikna av Bruket AS hausten 2017 som ei god og ynskjeleg løysing. Slike uteplassar vil gje dei fleire besøkande. Dei meiner dette vil bygge opp under Voss sitt tilbod og det Voss kan skilta med.

Administrasjonen si vurdering:

Innspelet er i tråd med kommunen sitt ynskje om gode møtestader i sentrum.

Prosjektet av Bruket AS det vert vist til var ein del av «Liv på Vangen». Eit sideprosjekt til sentrumsplanen med midlertidige prosjekt i sentrum. Prosjekta skal fungere som brukarmedverknad og test prosjekt for å prøve ut løysingar før endelege og meir permanente løysingar vert innarbeidd i ein langsiktig områdeplan.

Prosjektet på nord-vestre del av Hestavangen skulle ta i bruk 3-5 parkeringsplassar for å etablere ein leikeplass for barn med tilhøyrande benkar for andre grupper. Prosjektet vart forsøkt gjennomført hausten 2017, samt våren 2018. Begge gonger vart prosjektet stogga av Voss Parkering som ikkje ynskja og avsjå dei aktuelle parkeringsplassane til anna føremål. Sentrumsplanen vi sjå på framtidig bruk av Hestavangen og vurdere om det er riktig at plassen vert nytta som parkering.

I-15: Mads Rio (Huseigar Vangsgata 45) – 02.05.2018

Ynskjer utbygging av garasje med terrasse for leilegheit over, på sin eigedom i Vangsgata 45.

Administrasjonen si vurdering:

Bakgarden ved eigedom som ein her ynskjer å bygge ut har eit stort potensiale for fortetting og utvikling i sentrum. Bakgarden og butikkane mot Vangsgata gjev moglegheit for å styrke kontakten mellom Uttrågata og Vangsgata. Det vil styrkje byveven (korte distansar mellom ulike føremål) og tilgjenge i sentrum. I dag er det kun Endeve sport som har tilgang til næringslokale frå begge gatene. Under hausten vil det bli jobba med rammer og moglegheiter i dette området. Bakgarden kan bli tema i moglegheitsstudie for Vossevangen. Det vil verta knytt medverknad til denne prosessen. Utvikling av bakgardane har vore diskutert i prosess med DIVE-analyse, viser her til kart T4 «Potensial for fortetting» s.76 i «Kulturhistorisk stadsanalyse for Voss sentrum» ferdigstilt mai 2018.

I-16: Park Hotel Vossevangen AS – 02.05.2018

Viser til ein tøff marknad i hotellnæringa på Voss. Ynskjer sjå på annan utnytting enn hotell på sin eigedom. Med fortetting av bustadbygging ved Park hotell. Viser til Park Panorama som eit vellukka prosjekt som vart godt tatt imot.

Administrasjonen si vurdering:

Det er behov for meir bustadmasse i sentrale deler av Vossevangen. Kommunen vil vurdere innspel om bustadføremål vidare, å sjå på moglegheit for bygging av fleire bustader i dette området. Området er svært sentralt og tett på knutepunkt. Området er såleis eigna for fleire permanente bustader. Sentrumsplanen vil sjå på tolegrenser i relasjon til kulturverdiar, strandareal og andre omsyn.

Om bustader blir vurdert som mogleg må utvikling løysast i detaljregulering av område. Høg arkitekt kompetanse vil vera naudsynt for å ivareta ein kompleks situasjon, med offentleg parkbelte langs Vangsvatnet, hotell verksemd og gode bustader utan å privatisere strandsona. Kommunen er positiv til å sjå på moglegheiter her og ynskjer eit møte.

I-17: Arkoconsult for Sameiget Strandavegen 2 – 02.05.2018

Ynskjer vidareføring av dagens aktivitet og funksjonsføre mål på eigdommen. Ingen nye tiltak er planlagt.

Administrasjonen si vurdering:

DIVE-analyse for Vossevangen syner til liten til middels verdi i dette området langs Strandavegen. Kommunen har elles ingen foreløpig kommentar til dette innspelet.

Det vert vist til at Bane Nor leiger parkering på vestsida av eigdommen, men i matrikkelen er det Bane Nor som er grunneigar.

I-18: Bruket arkitektur AS for Kato Hansen – 02.05.2018

Innsendt moglegheitsstudie for Strandavegen 3-7. Ynskjer endra føremål til å inkludere bustad. Moglegheitsstudie syner større utnytting med opp til 5 etasjar med ein tilbake trekt 6 etasje.

Administrasjonen si vurdering:

DIVE-analyse for Vossevangen syner til liten til middels verdi i det aktuelle området. Dette opnar for transformasjon og vidare utvikling av dette sentrumsnære området. Det er invitert til møte med arkitekt og eigar for å diskutere dette vidare.

Det er ein stor fordel å utvikle dette området i heilskap med Strandavegen 19.

I-19: Bruket arkitektur AS for Stavenes Holding AS – 02.05.2018

Innsendt moglegheitsstudie for Strandavegen 19. Ynskjer endra føremål til å inkludere bustad. Moglegheitsstudie syner større utnytting med opp til 4 etasjar med ein tilbake trekt 5 etasje.

Administrasjonen si vurdering:

DIVE-analyse for Vossevangen syner til liten til middels verdi i det aktuelle området. Dette opnar for transformasjon og vidare utvikling av dette sentrumsnære området. Det er invitert til møte med arkitekt og eigar for å diskutere dette vidare.

Det er ein stor fordel å utvikle dette området i heilskap med Strandavegen 3-7.

I-20: Voss Taxi – 02.05.2018

Ynskjer å fortsatt kunne disponere området på Hestavangen. Voss Taxi har behov for fleire parkeringsplassar. Syner til manglande tryggleik for mjuke trafikkantar i området mot Nain, særskilt er det viktig å ivareta born på veg til skulane.

Administrasjonen si vurdering:

Dagens plassering av Voss Taxi må sjåast opp mot nytt knutepunktet, samt framtidig bruk og program for Hestavangen nord og sør. Kommunen har forståelse for at Voss Taxi ynskjer å nytta området på Hestavangen, men ser og at det er eit verdifull område for annan aktivitet i sentrum. Taxi er viktig i sentrum og framtidig plassering av Voss Taxi må diskuterast. Kommunen ynskjer dialog med Voss Taxi rundt dette.

Planprogram viser til at det er viktig å sikre trygge og gode skuleveggar mot barne- og ungdomsskule samt vidaregåande. Innspel rundt tryggleik for born og unge i området ved Nain vert fylgt opp i vidare arbeid.

I-21: Naturvernlaget – 02.05.2018

Innspel vil koma som moglegheitsstudie for sykkelveg gjennom Vangen, denne er under utforming sumaren 2018. Studie vil sjå på trase og løysing på sykkeltrase frå Langabrua/Strandavegen til knutepunkt Voss.

Administrasjonen si vurdering:

Naturvernlaget har vore i kontakt med kommunen for avklaring rundt oppstart av moglegheitsstudie for sykkeltrase. Dette kan bli del av grunnlaget for moglegheitsstudie for Vossevangen hausten 2018.

I-22: Miljøpartiet dei Grøne – 02.05.2018

Viktig å prioritere dei gåande og syklande på Voss. Ynskjer at Vangsgata vert einvegskøyrd med overbygde fortau samt overbygde sykkelparkeringar, tilbod om «by-syssel», samt god sykkelinfrastruktur til områda utanfor sentrum. Ein ynskjer at grendaskulen Gullfjordungen vert oppretthaldt for å unngå auke i bil trafikk til sentrum. Eit godt busstilbod til områda utanfor sentrum må på plass. Det er viktig med fortetting i sentrum og at det vert tilrettelagt for sentrumsaktivitetar som td. fiske og friluftsliv. Gjerne med tilbod om parselhage for dei som bur i leilegheiter i sentrum. Det vert viktig at områdeplanen sikrer Prestegardsmoen.

Administrasjonen si vurdering:

Trygg ferdsel for mjuke trafikantar er viktig å sikre i ny sentrumsplan. Klimaplanen viser til at diskusjonen rundt trafikk-løysing i Vangsgata bør diskuterast vidare i områdeplan for sentrum. Jf. Nytt punkt i planprogram s.28.

Overordna nasjonale føringar gjer det naudsynt å sjå på løysingar for å redusere bilbruk, dette medfører fokus på infrastruktur for mjuke trafikantar både i sentrum og til bustadane rundt Vangen. Ein må sjå på tiltak og tilrettelegging for å betre tilhøva for offentleg transport.

Det er viktig at bustader i sentrum har gode utomhus tilbod, og innspel om parselhagar og aktivitetar som fiske og friluftsliv vert tatt med i vidare arbeid.

Prestegardsmoen blir viktig å sikre med tydelege rammer for vidare bruk. Diskusjon rundt grendaskulen Gullfjordungen blir ikkje ein del av sentrumsplanen direkte men sentrumsskular (Ungdomsskulen og Vangen barneskule) blir sett på som svært viktige for å redusere transport. Skulane er og eit viktig element i eit levande sentrum med moglegheiter for felles bruk av eksisterande fasilitetar som Vossabadet, Idrettshallen, idrettsbanar, rekreasjonsområder og andre

sentrums funksjonar. Fasilitetar i skulen kan og nyttast av andre grupper utanom skuletid, og er ein viktig møteplass og generator for sentrum.

I-23: Bjørn Brunborg AS – 02.05.2018

Viser til Vossevangen som bilbasert og ynskjer at Vossevangen skal bli menneskevennleg. Vossevangen er utforma som ein modernistisk plan, med bilen som premissgjevar for utforming, dimensjonering på gater og rom. Modernismen og gjenreisingsplanen for Vossevangen har store manglar utfrå eit vernakulært og menneskeleg perspektiv. Brunborg ynskjer at vidare utbygging av Vossevangen bidrar til auka attraktivitet med større intimitet i struktur. Viser til Hestavangen som uheldig og råflott sløsing av sentrumsareal, særskilt sør for Uttrågata som blir beskrive som dårleg ivaretatt med fokus på bil og parkering. Bilvegen er plassert på solsida av plassen. Mjuke trafikantar og skuleborn har dårlege kår.

Konkrete innspel går på utvikling og fortetting av Hestavangen for å skapa eit menneskevennleg byrom, som er mindre og meir intimt. Ber om løyve til å planlegga og realisera ein heilskapleg reguleringsplan og utbyggingsplan for Hestavangen, frå sør for Uttrågata til gravplassen.

Viser vidare til torget som eit lite mennesketilpassa byrom der bilvegar omringar plassen og tar bort rommet sine «veggar». Dette begrensar opplevelsen av trygghet og intimitet, gjev dårleg flyt og ivaretek ikkje menneskeleg åtferd og skydd mot vær. Biltrafikken påverkar opphald og gjev ikkje trygge rammer for barn å opphalda seg på plassen. Brunborg AS ynskjer at torget skal omsluttast av bygningar med opningar mellom desse som stimulerer til vidare utforsking av området. Sidan dette kan vera vanskeleg å få gjennomslag for ynskjer ein i fyrste omgang å utvide bygget og Tre brør. Det kan styrke «veggen» nord på plassen for å betra tilhøva.

Administrasjonen si vurdering:

Modernismekritikken med Jane Jacobs i spissen kritiserer bilen si primissgjevande rolle i byutviklinga, og syner til dei sjølvgrodde middelalderbyane som ideal. Der tek utforminga utgangspunkt i menneske sine dimensjonar og funksjon av daglege gjeremål og behov.

Den modernistiske gjenreisingsplanen er vesentleg i den bygnings arven og historia vi har på Voss. DIVE-analyse for Vossevangen viser til mykje verdi frå ulike tidsepokar i sentrum. Deler av sentrum ligg i Riksantikvaren sitt NB-register med nasjonal verd. Dette gjeld ikkje berre enkelt bygg, men samanhengen og heilskap i gjenreisingsplanen. Siktlinjer og kopling mot landskapselement var vesentlege i gjenreisingsplanen til Tvilde. Fjernar ein desse siktlinjene betyr det vesentleg endring av sentrale element i planen og heilskapen i Vangsgata/sentrum.

Ein ser difor ei fortetting med permanente bygningar inne i gjenreisingsplanen (her Hestavangen og til dels torget) som krevjande. Innspel om intimitet i bystrukturen med ein lokal/tradisjonell arkitektur med skydd for vær og vind, kan vera eit innspel i transformasjonsområder utanfor gjenreisingsplanen, der DIVE-analyse syner til liten kulturhistorisk verdi og annan opprinnelse. Td. kan område som Lekvemoen vera eit område der ein kan sjå for seg ein menneskeleg og meir intim struktur, som bygger vidare på området sin førkrigs- og før- modernistiske trehusbebyggelse. Vidare utvikling i dette området kan diskutere landsby kvalitetar med større intimitet og tre som materiale. Her kan det vera mogleg å arbeide med kvalitetar som ein fann i sentrum før bombinga. Dette vil kunne bygge opp under området sin eksisterande typologi, historie og bygningsmasse. Det vil gjere Vossevangen meir fleirfaldig.

Det vert jobba med å utforme ein heilskapleg plan for Vossevangen der det blir lagt særskilt vekt på utforming og programmering av byrom. Hestavangen er vist til som det viktigaste og mest sentrale byrommet på Voss. Det vil bli utarbeidd moglegheitsstudie hausten 2018 som kan gje konkrete innspel til områdeplanen. Vi ser ikkje at det er ynskjeleg med ein parallell plan medan ein utformar områdeplanen, som vil legge rammer for heilskapen. Som huseigar i viktige områder ved Hestavangen og torget vil Bjørn Brunborg AS verta koplå til medverknad knytt til muligheitsstudie, der forslag på Hestavangen vil verte sentralt.

Torget er eit viktig byrom på Vangen. Det vil bli vurdert både som einskilt byrom og som del i eit byromsnettverk i sentrum. Ein vil her sjå på funksjon, program, køyremønster og trafikksituasjon. Innspel knytt til situasjonen på torget samt ynskje om større bygningsmasse ved Tre Brør i nord, vert tatt med som innspel i vidare arbeid. Jf. Planprogram kapittel 5.

I-24: Statens Vegvesen – 02.05.2018

Legg fokus på tilrettelegging av tryggleik for mjuke trafikantar. Viser til utkast til hovudplan for sykkel. Denne bør leggst til grunn for arbeid med sentrumsplan. Spesielt trygging av skuleveg opp til skulane. Viser til utsette områder som Lekvemoen, Hestavangen, området bak Coop / Aasbygget, Bonangergata m.fl. Det blir viktig å trygge krysspunkt ved Park hotell, kyrkja og ved torget. Det må og leggst tilrette for kollektivtransport. Støyproblematikk i relasjon til gode bustader og opphald.

Administrasjonen si vurdering:

Trygge trasear for mjuke trafikantar skal vektleggast. Gode sikre sykkelveggar er per i dag ikkje eksisterande i deler av sentrum. Dette er noko det skal jobbast med for å løyse. Særskilt skuleveggar og trygge soner rundt skulane vil ein ha fokus på i vidare arbeid med sentrumsplanen. Når det gjeld støy vil dette bli utreda i eigen rapport, nye bustader må sjåast i lys av dette. Statens Vegvesen vil verta koplå til medverknad knytt til utarbeiding av muligheitsstudie hausten 2018.

I-25: Sameie Kyrkjebø – 03.05.2018

Viser til at områdeplan for sentrum må sjå på regulering av opningstider/støy frå pub/restaurantar i bustadområder. Ynskjer å kunne bygge ut med balkongar mot private gardsrom på baksida av bygga mot Vangsgata, dette vil auke kvalitet i bustadane. Ein ynskjer strengare krav til opne fasadar på gateplan for eit meir levande og trygt sentrum. Legge til rette for fleire leike- og opphaldsområder for barn i sentrum, sentrumsnære barnehagar er viktig for dei som pendlar til Bergen. Ynskjer tiltak som begrensing i biltrafikk for å betre luftkvalitet på inversjonsdagar. Viser til behov for parkering til bilring, krav om ladepunkt i alle nybygg/ombygging. Sikre Prestegardsmoen som rekreasjonsområde med dagens avgrensing.

Administrasjonen si vurdering:

Mykje av innhald i innspel er viktige tema i ny sentrumsplan.

Tema rundt utvikling av bustader i områder med høg kulturhistorisk verdi har vore mykje diskutert i DIVE-analyse. Vangsgata er viktig å bevare. Vidare arbeid med sentrumsplanen vil definere moglegheitene for endring mot bakgardane for å auke bustadkvaliteten i sentrum.

Det vert lagt stor vekt på opne og aktive fasadar på gateplan, med ein fleksibilitet i inndeling/storleik for fleksibel bruk. Tiltak for reduksjon av biltrafikk for betre miljø, møteplassar og trivsel vil vera eit

mål i ny områdeplan. Det er i dag lite areal som er tilrettelagt for barn i sentrum, dette er eit viktig tema som blir sett på i samheng med byrom i sentrum. Det vert og sett på moglegheit for tilrettelegging av frikjøpsordningar for uteareal/grøntareal, der ein kan investere i større områder for rekreasjon både for born samt andre grupper. Prestegardsmoen er eit viktig rekreasjonsområde som må sikrast med tydlege rammer for ønska aktivitet i dette området. Når det gjeld regulering av opningstider og støy er dette noko som vidare arbeid må vurdere. Det vert utarbeida støykart i forbindelse med planen.

I-26: CBRE AS – 02.05.2018

Ynskjer å fortsette drift av Esso bensinstasjon på tomta og at føremål blir endra til å vera i tråd med dagens verksemd. Ynskjer dialog rundt vidare prosess.

Administrasjonen si vurdering:

Føremål på tomta er per i dag regulert til hovudsakleg park/grøntstruktur samt vegføremål i nord. Etter realisering av bygging av nytt knutepunkt med gondol og hotell, har tomta fått ein endå meir viktig plassering sidan førre plan frå 2003. Bensinstasjonen ligg tett opp til og mellom knutepunkt og Vangsvatnet, ved knutepunktet sin hovudentre til Vossevangen. Mål i planprogram viser til ynskje om å skapa eit attraktivt senter med identitet og lokalt særpreg. Føremål som heimlar bensinstasjon er såleis ikkje i tråd med overordna mål i planprogram. Det er difor ikkje ynskjeleg for vidare heilskapleg utvikling å endre føremål tilbake til bensinstasjon.

Det er fortsatt behov for veg areal nord på tomt.

Kommunen ynskjer vidare dialog med CBRE rundt dette og ser det som positivt at CBRE ynskjer dialog rundt vidare prosess.

I-27: Ingrid Røthe og Bjørn Inge Rokne

Viser til auka belastning på vegkryss Hardangervegen-Gjernesvegen-Bordalsvegen. Trafikken i krysset har auka og går ut over bukvalitet grunna støy og støv. Ynskjer at det blir gjort ein heilskapleg vurdering med avbøtande tiltak.

Administrasjonen si vurdering:

Bustadområdet ved krysset ligg i eit sentrumsnært og utsatt område. Det er stor innfart til Vossevangen frå Hardanger, Bordalen og Gjernes og denne trafikken møtes i dette krysset. Til tider står trafikken i Gjernesvegen og Bordalsvegen grunna trafikk på Hardangervegen. Einebustadane her ligg utsatt til og godt bumiljø er vanskeleg å ivareta slik det er i dag. Trafikk avvikling i kryss bør vurderast samt føremål og utnyttingsgrad av bebyggelse for å tilpasse situasjonen. Ein tettare og høgare struktur mot krysset vil betre ivareta bu-miljøet. Kommunen ynskjer dialog med eigarar i dette området i vidare prosess.

I-28: NVE – 04.05.2018

Rår til vidareføring av kommuneplanen sine omsynssoner med føresegner, som tek omsyn til klimaendring (jamføre 200 års flaum med kote 53,2).

Flaum. Rår til å bruke prosessen med områdeplanen til å velje flaumstrategi for dei ulike områda i sentrum.

Det er behov for å avdekke fare for jord- og flaumskred i området. Dette blir det jobba med i statleg regi 2018 og kartlegginga kan truleg nyttast i områdeplan.

Planområdet ligg under marin grense og størstedelen av område består av elveavsetningar. Ein kan då ikkje utelukke førekomst av kvikkleire i dei marine massane under elveavsetjingane. Kvikkleire skred bør såleis vera eit tema i ROS analysa. Ein kan her nytta NVE sin rettleiar «Sikkerhet mot kvikkleireskred».

Ynskjer at det tydeleg går fram av planprogram at det skal utførast ROS analyse.

NVE rår til å gi vassdraget god plass. Ein må ta omsyn til elveerosjon og ivareta tryggleikssone mellom bygg og toppen av lausmasseskråning. Ein oppmodar om arealbruk som ikkje medfører inngrep i vassdraget. Om dette blir tilfelle er det viktig at planen gir ei god skildring av tiltaka og at konsekvensane for ålmenne interesser i vassdraget er vurdert (ålmenn ferdsel, naturvern, ...)

Planen bør sette av areal langs vassdraget til eit vegetasjonsbelte.

Elva ned til utløp mot Vangsvatnet er verna og Rikspolitiske retningslinjer må fyljast. Det må leggest opp til ein arealbruk som ikkje reduserer verneverdiane knytt til vassdraget.

Administrasjonen si vurdering:

Innspel er tatt til etterretning og innarbeidd i planprogram. Tema nedanfor vert følgt opp i vidare arbeid med områdeplanen.

I tråd med Pbl (§4-3) skal det gjennomførast ROS analyse i forbindelse med ny områdeplan for Vossevangen. Kvikkleire har tidlegare ikkje vore eit tema i planprogram, men vil takast inn som tema i forbindelse med ROS. NVE sin rettleiar «Sikkerhet mot kvikkleireskred» blir då lagt til grunn. Kommunen ynskjer i etterkant av utført ROS-analyse eit møte med NVE. Jf. Nytt punkt i planprogram s.29.

Omsynssoener knytt til flaum og skred vil bli vidareført frå kommuneplanen der det ikkje ligg føre ny kunnskap som tilseier endring. Områdeplanen for sentrum vil forholde seg til venta klimaendringar og nivå på 200 års flaum satt til kote 53,2. Det vert viktig å utarbeide strategiar og løysingar som kan handtere flaumkrav og samstundes legge til rette for vidare utvikling i sentrum på ein god måte. Jf. Nytt punkt i planprogram s.12.

Ein ser ikkje for seg at planområdet blir utvida om det blir kartlagt fare i tilstøytande område. Område for sentrumsplanen er stort og har begrensa tid for utføring. Planavgrensinga for sentrum ligg i overgang mot private bustader. Tema og innhald i planen for sentrum skil seg frå tema som då vil omhandle områder for reine private bustader. Område for private einestader vert ikkje definert som tema i planen. Det må eventuelt utformast eigne planar. Jf. Punkt om avgrensing sentrumsplan i planprogram s.8.

Kommunen ser innspel som viktig og ynskjer møte med NVE i perioden planen vert utforma.

I-29: Frode Gudvangen – 08.05.2018

Ynskjer å oppretthalde leikeplass på nabotomt (192/78) med same føremål som i dag. Viser til generasjonsskifte i område med aukande antal barn. Viser vidare til auke i trafikk og ber om at dette

vert tatt omsyn til i planen. Stiller seg undrande til at det ikkje er mottatt nabovarsel då han er svært berørt.

Administrasjonen si vurdering:

Eigedomen ligg utanfor planområdet og det er difor ikkje sendt ut direkte varsel.

Nord spissen av bustadområdet Haugamoen er tatt med i planområde grunna at det ligg i sentrumsaksen Vossevangen – Amfi. Området har såleis ein sentral plassering og bustadmiljøet er belasta grunna støy og støv frå vegkrysset mot Hardangervegen. Ein ynskje difor å sjå dette i ein overordna samanheng. Det er ikkje tatt stilling til leikeplass men den vil verta sett i samanheng med framtidig føremål i dette området. Ynskje om å setta istand leikeplass vert tatt med vidare. Kommunen ynskjer dialog med eigarar i dette området i vidare prosess.

I-30: Sameiga Bøndenes Hus – 02.08.2018

Ynskjer utviding av Bøndenes Hus på Gnr.255/80 mot nord. Arealet er i dag parkering. Det er i dag mange arbeidsplasser i bygget, både offentlege og private verksemder held til i bygget.

Administrasjonen si vurdering:

Bakgardane i sentrum utgjer eit stort potensiale for fortetting og utvikling i sentrum. Områdeplanen vil diskutere bakgardane i ein større heilskap og finne strategiar og retningslinjer for vidare bruk og utnytting. Tema har vore diskutert i prosess med DIVE-analyse, viser her til kart T4 «Potensial for fortetting» s.76 i «Kulturhistorisk stadsanalyse for Voss sentrum» ferdigstilt mai 2018.

I-31: Bane Nor – 18.04.2018

Rammebetingelsane for jernbanen er i endring og framtidige behov er vanskeleg å forut sjå. Ynskjer å sikre mulighetene for vidare utvikling. Det er viktig at Bane Nor sin eigedom vert sett av til jernbaneformål og at byggegrensar overhaldast i fylje Jernbanelovens §10, grunna tryggleik, støy osv. Forventar at kommunen set seg inn i Bane Nor sine krav til planlegging i nærleiken av jernbane.

Administrasjonen si vurdering:

Jernbane har stor betydning for Voss og regionen rundt. Jernbanetraseen går gjennom sentrum og legg tydelege premissar for sentrum slik det fungerer i dag, samt for vidare utvikling av Vossevangen.

Kommunen ser det som viktig med god dialog mot Bane Nor for å finna synergjar og god balanse mellom berekraftig sentrumsutvikling (fortetting rundt knutepunkt/sentrum) og ivaretaking av framtidige løysingar / behov knytt til utvikling av jernbane. Særskilt er byggegrensar mot jernbanespor eit viktig tema. Området langs spor vil utgjere mykje areal i sentrum på Voss. Vossevangen har begrensa moglegheit for ekspansjon grunna kulturminner/arv, elva, vatnet samt jernbanen, det vert såleis viktig å bruke det arealet vi har for utvikling og fortetting.